


Ny plassering av fôrflåte til anlegg Vikane

Me viser til dialog mellom Blom Fiskeoppdrett AS, Masfjorden kommune og Vestland fylkeskommune om plassering av fôrflåte til omsøkt anlegg på Vikane i Masfjorden kommune. Det er ønskje om å endre plasseringa til flåten vekk i frå land for å få betre avstand til bustader på land. Flyttinga medfører at ein kjem inn i areal avsett til fiske i kommuneplanen og ein må difor ha dispensasjon fra gjeldande arealplan for å etablere anlegget.


Det aktuelle arealet fôrflåten skal plasserast inn i, er avsett til framtidig akvakulturareal i interkommunal plan for sjøareal som er under utarbeiding og per no er til 3.gongs høyring. Plasseringa av flåten er gjort slik at ein truleg kan snu denne 180 grader og slik fungere for eit nytt og større anlegg som skal samle drifta på Vikane, Rekeviki og Nesbø.

Plassering av forflåta er vist på figur 1 under, og det er denne plasseringa det vert søkt om dispensasjon fra kommuneplanens areal del for å etablere fôrflåten. Det vert vist til utgreiingar i interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland for tilhøve knytt til naturverdiar, naturressursar, fiskeriinteresser og andre arealinteresser knytt til det aktuelle området det vert søkt om dispensasjon for å etablere fôrflåten.




Figur 1 Oversikt over ny plassering av fôrflåten for omsøkt anlegg på Vikane. Fôrflåten kjem utanfor areal sett av til akvakultur i arealdelen til Masfjorden kommune. Gul skravur viser areal som skal settast av til akvakultur i interkommunal plan for sjøareal og ny plassering av forflåta vil komme innanfor dette arealet. Lilla skravur viser mogleg nytt og større anlegg som kan erstatte omsøkt anlegg og anlegget i Rekeviki. Forflåten er plassert slik at den kan fungere for både omsøkt og framtidig anlegg.

Figur 2 viser omsøkt plassering av fôrflåten som er innanfor avsett areal til akvakultur. Endringa som kommunen og fylkeskommunen ynskjer medfører som nemnt at ein må flytte fôrflåten inn i areal som per no ikkje er vedteke sett av til akvakultur. Figur 3 viser tilhøvet til gjeldande plan for det omsøkte anlegget. Figur 4 viser framtidig plan for sjøareal i Nordhordland, der det aktuelle arealet er sett av til akvakultur.



Figur 2 Opphavleg plassering av anlegg og førflåte i søknad om løyve til akvakultur.



Figur 3 Utsnitt av gjeldende areal del til kommuneplanen. Opphavleg omsøkt anlegg er plassert innanfor akvakulturområdet AK1. Ny plassering av førflåten vil vere nordvest for akvakulturområdet i areal avsett til fiske (F).



Figur 4 Utsnitt frå framlegg til plankart for Masfjorden kommune sine sjøareal i interkommunal plan for sjøareal. Fôrflåten vil kome innanfor areal sett av til framtidig akvakultur AKV_05 (mørk rosa).

Me vil oppfordre Masfjorden kommune og Vestland fylkeskommune til å handsame den endra plasseringa av fôrflåten så snart som råd, slik at det ikkje lagar større forseinkingar for klareringa av den nye lokaliteten og utsett av fisk på denne.

Ved spørsmål knytt til fôrflåten eller plassering, ta kontakt med Bjørnar Blom i Blom Fiskeoppdrett AS eller Christian Hagerup Reinshol i STIM AS.

Med venleg helsing

Christian Hagerup Reinshol

Plan- og arealavdelinga

STIM AS